



**MELAND KOMMUNE**  
Rådmannskontoret

Kontrollutvalet i Meland  
v/Bengt Gunnar Næss  
Postboks 13  
5902 ISDALSTØ

Dykkar ref.		Journalp.ID	10/2258	Dato	19.02.2010
Vår ref.	HET	ArkivsakID	07/1525		
		Arkiv nr.	N-548, N-634		

**VEDK. MØTE I KONTROLLUTVALET 23.10.09 SAK 34/09**

Rådmannen vil innleiingsvis seie seg lei for at det grunna andre prioriterte arbeidsoppgåver, ikkje har vore mogeleg å gje tilbakemelding på eit tidlegare tidspunkt.

Midtre Holsnøy Grunneigarlag sitt skriv d. 28.09.09 er oversendt kommunalsjef Anny Bastesen og prosjektleiar Jens H. Bjordal til uttale. Ligg føre svar frå Jens H. Bjordal d. 02.11.09. (sjå vedlegg). Ligg også ved tidlegare skriv d.19.05.09 frå Anny Bastesen til Midtre Holsnøy Grunneigarlag som omhandlar grunneigarerklæringa.

I skriv d. 28.05.09 frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag vert det presisert at det er den administrative handsaminga opp mot kommunestyrevedtaket, som skal belysast. Det kommunestyrevedtaket det vert vist til er, er kommunestyret sitt vedtak i møte 10.10.07 som gjeld konsesjonsvilkåra for nedlegging av ei vassleidning i Rylandselva.

Når det gjeld tiltak i vassdrag, er det i samsvar med lova, NVE som er avgjerdsmynde. Kommunen v/kommunestyret er berre høyringsinstans.

I den erklæringa d. januar 2009 som Jens H. Bjordal signerte, framgår det heilt klårt at underskrifta skjer på vegne av Meland kommune som **eigar** av fast eigedom (gnr. 43 bnr. 9, 35 og 45) som **grensar** til Rylandsvassdraget.

Det er i eigenskap av å vere eigar i det aktuelle området, at det i erklæringa vert stadfesta at det er inngått avtale med Salar Smolt A/S om turvande inngrep på eigedomen, og at det i ettertid ikkje er merknader til korleis leidninga er lagt. I erklæringa stadfestar også dei grunneigarane det gjeld, at dei ikkje er part i den klagesaka som er fremma for Olje- og energidepartementet.

Meland kommune eig og forvaltar ein relativ stor eigedomsmasse.

Drift og forvaltning av eigedomane er eit administrativt ansvar. Kjøp og sal av eigedomar kan imidlertid berre skje på grunnlag av politisk godkjenning. Det er ikkje uvanleg at administrasjonen på vegne av kommunen gjev uttalar og påteikningar for tiltak som gjeld naboeigedomar eller mindre ”inngrep” på eigne eigedomar (som t.d. fjerning av trær, løyve til mellombels tilkomst og liknande).

---

<b>Adresse</b>	<b>Telefon:</b>	<b>Telefaks:</b>	<b>Bankkonto:</b>	<b>Heimeside:</b>
Postboks 79	56 17 10 00	56 17 10 01	3632 07 00242	www.meland.kommune.no
5906 Frekhaug		avd. «Soa_Fax»	<b>Bankkonto, skatt:</b>	<b>Kartinformasjon:</b>
Besøksadr. Havnevegen 43			6345 06 12563	www.nordhordlandskart.no
postmottak@meland.kommune.no				
«Soa Email»				

Slike påteikningar/uttalar og mindre disposisjonar vert til vanleg ikkje underlagt formell sakshandsaming.

I dette konkrete tilfellet har Jens H. Bjordal gjeve påteikning på ei erklæring i eigenskap av å vere prosjektleiar i rådmannen sin stab. I tillegg er Jens H. Bjordal som mangeårig kommunalsjef for tekniske tenester, den tilsette i kommunen som har best kjennskap til den kommunale eigedomsmassen.

Ved vurderinga av om det er utøvd rett mynde, må det leggjast vekt på at erklæringa d. januar 2009 ikkje legg bindingar på kommunen korkje praktisk eller juridisk.

Rådmannen har full tillit til at Jens H. Bjordal i denne saka har handla etter beste skjønn og meining.

Til orientering har Olje- og energidepartementet i skriv d. 19.01.10 teke avgjerd i klagesaka. Klagen vart ikkje teken til følge. (sjå vedlegg)

RÅDMANNEN I MELAND

Helge Thorsen

Kopi:  
Ordfører Nils M. Aadland  
Prosjektleiar Jens H. Bjordal  
Kommunalsjef Anny Bastesen